




NR. 1

JANUAR 1986

19. ÅRG.



Gud over år og tider

av Alfred Hauge

*Du er Gud over år og tider.
Mine dagar er korn i di hand.
Må dei berast av Andens vinddrag
og slå rot i ditt åkerland.*

*Må dei spira i vår og varme,
vinna styrke ved stormharde slag,
vera mogne når korn og agner
du skal skilja på domedag.*

*Og når alt som er tid, tek ende,
må eg då i eit evig sekund
vera grøde blant førstegrøda,
hausta inn frå din åkergrunn.*

KONTINGENT 1986

Med eit nytt år kjem også tida for å betala ny kontingent.
Ved dette nummeret ligg ein postgiro innbetalingsblankett til
det. Sjå meir om dette på side 3.

GODT NYTT ÅR

HAN ER GUDS SON...

Johs. 1.29-34

«Sjå der Guds Lam som ber verdsens synd». Slik vitnar døyparen Johannes om Jesus Kristus.

«Eg visste heller ikkje kven han var»... «Eg såg Anden dala ned som ei due frå himmelen og vart verande over han». Det er framleis Johannes som vitnar. Han fekk og høyra at den han såg Anden dala ned imot, og vart verande over, han er den som døyper med Den Heilage Ande. Så seier Johannes vidare:

«Eg har sett det, og dette er vitnemålet mitt: Han er Guds son» Eit vitnemål frå ein som har sett.

Det er mange som ikkje har sett som seier at Jesus ikkje er Guds son. Men vi vil tru den som har fått det sanne vitnemålet. Kva er det så vi får vita? Jau, at her er GUDS lam som ber verda si synd. Jødane var vél kjende med offerlammet som måtte slaktast og ofrast for syndene deira. Her stod eit menneske fram og vart kalla Guds Lam, som ber verda si synd - altså ikkje eit offerlam berre for jødane.

Gud steig sjølv ned for å berga. Vi står ovanfor ein fantastisk redningsaksjon frå verda sin skapar og Herre. Korleis tar så menneska i dag imot redninga? Det er ikkje alle som likar at det vert tala om redning i det heile. Kanskje enkelte synest det frå vår side er for enkelt? Det gjorde kan hende nokre av jøde-folket i ørkenen og då koparormen vart reist til redning for folket. (4.Mos.21.8)

Det som trudda og såg på koparormen, vart redda. Tru og tvil har til alle tider vore der. Vi får tenkje på det at han som skapte oss veit kva vi treng til. Han kjenner oss og elsker oss. Det kan vi sjå av dette at han sende sin eigen son fordi vi hadde bruk for redning.

For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på Han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.

Kontingent 1986

Ved dette nummeret har vi lagt ein postgiroblankett der ein kan betala kontingenten for 1986. Den kan også betalast over bankgiro 8440.21.01856.

Kontingenten er frivillig og er sett til kr. 30,- pr. år. Vi vil gjerne nå ut til alle husstandane med bladet 10 gonger i året, og skal vi kunna makta det, treng vi ei god innbetaling av kontingenten. Det er sjølv sagt høve til å betala meir enn kr. 30,- også.

Vi har nå fått melding om at trykkingsutgiftene vert noko høgare, slik at vi treng god innbetaling av kontingenten for å kunna gje ut bladet slik vi no gjer.

Bladet vert delt ut av frivillege bladberarar, og vi vil gjerne at det skal nå ut til alle. Om du ikkje får bladet, vil vi gjerne ha melding om det til kyrkjekontora, for at vi kan prøva å retta på det. Dei som ikkje bur i Arna vil få bladet i posten, dersom kontingenten er betalt.

KASSETT

Bladet vert no lese inn på kassett for blinde og svaksynte. Vi har hatt litt problem med å koma i kontakt med alle dei som kan ha nytte av dette tilbodet.

Om det no er nokon som ikkje får kassettar, men som ynskjer det, vil vi gjerne ha melding om det til eit av kyrkjekontora. Det vil ikkje kosta noko ekstra for dei det gjeld. Kassetane vert sendt i posar som kan returnerast i posten når ein er ferdig med kassetten.

Gevinstar

Kyrkjeringen i Ytre Arna som arbeidar til inntekt for Kyrkjelydshuset vil gjerne ha gevinstar til utlodninga 2. februar.

Har du noko å gje, kan du melda frå om det til kyrkjelydskontoret i telefon 24 85 46 eller til nokon av dei som er med i kyrkjeringen.

Møter

ARNA BEDEHUS:

17-19/01: Temakvelder «Kristen i kvardagen» Ole Abel Sveen og Karl Johan Halleråker.

23/01: Eldretreff kl. 17.00.

26/01: Kyrkjelydstreff kl. 19.30

30/01: Indremisjonens årsmøte

01/02: Ungdomskveld kl. 19.30

02/02: Familielaffe kl. 17.00

05/02: Kyrkjebasar

06/02: Bibeltime ved prost

Johs. Valle

08-09/02: Bibelskolen

11-14/02: Indremisjonens møteveke ved Johan Ulveseter.

Møte i Ytre Arna kyrkje

Martin Halleraker



Soknerådet saman med dei frivillege kristlege foreningane innbyr også dette året til ein møteserie i kyrkja. Talar på møta vert Martin Halleraker. Han er tilsett i Santalmisjonen, og reiser som landssekretær. Møta vert i tida 4.-9. februar kvar kveld kl. 19.30. På møta vil ulike songkrefter ta del, og alle er velkomne.

BIBELDAGEN 26. JANUAR

Bibelen gjev

FRAMTID OG VON

Det Norske Bibelselskap har ansvar for å skaffe Bibelen til det norske folket. Men eit bibelselskap i eit rikt land må ikkje berre tenkje på sine egne, men hjelpe bibelselskapa i fattige land. Og sidan fleirtalet av bibelselskapa i verda har verksemda si i fattige land, er det uendeleg mange i alle verdsdelar som treng hjelp.

Årleg gjev Bibelselskapet stønad til bibelarbeidet i 40-50 ulike land. I 1986 er det to mellom-amerikanske statar som kallar på innsats på ein spesiell måte:

El Salvador og Nicaragua

Desse to landa treff vi titt på i avisar og kringkasting, og mest alltid er det krise og borgarkrig vi høyrer om.

Midt i vonløysa er det likevel ei strime av von. Levande, kjempande kyrkjer er i vekst i desse to folka, og menneska spør etter Guds ord som aldri før. Her kan vi sjå at når dei ytre tilhøva er dystre, er det Bibelen som gjev framtid og von.

Norske kyrkjelyder og bibelvener kan i 1986 syne solidaritet med to lidande folk på praktisk vis: ved å vere med i bibelaksjonen for El Salvador og Nicaragua.

Visste du at

- heile Bibelen er omsett til 286 språk, nytestamentet til 594 språk og mindre delar av Bibelen til 928 språk?
- Bibelselskapa i verda er i arbeid med omsetjing på i alt 544 språk nettopp no?
- ei meningsmåling synte at 4,6% av nordmenn over 15 år les i Bibelen kvar dag?
- 62% av nordmenn over 15 år aldri

– flesteparten av dei som aldri les i Bibelen truleg har ein bibel eller eit testamente i bokhylla?

Difor...

– Vil de óg gå bort? spurde Jesus dei næraste venene sine ein gong då det vart krise i kretsen kring han.

Då gav Jesus han eit svar som til alle tider har vorte det faste «difor» for kristne.

No skjønar eg det...

Vi høyrer til dei landa i verda der nesten alle lærar å lese. Veit vi eigentleg kva det har å seie? Tenk deg at halvparten av folk i grannelaget var analfabetar!

Bibelselskapa i den 3. verda har i mange år gjeve ut serier av bibeldelar for «nye lesarar». Dei er laga med enkel skrift og har gode illustrasjonar, og hefta har aukande vanskegrad. På det viset får elevane ved leseopplæringskursane trene seg opp i lesekunsten med lettskjønlege bibelstykkje. Dei kan lære å lese og samstundes får dei bibelkjennskap.

– No skjønar eg det eg les! seier mange når dei får prøve seg på «nye lesarar»-hefta.



MISJONENS ÅR I BJØRGVIN

Som kjent er Misjonens År i Bjørgvin avsluttet. Til de tre prosjekter, 1. Evangelisk senter i Thailand, 2. Radiomisjon i India og 3. Arbeid blant jøder i New York, som det ble samlet inn penger til, kom det ikke på langt nær så mye som en håpet. Men det er ingen katastrofe. Hovedsiktemålet med Misjonens År var ikke penge-innsamling, men å møte mennesker med Guds kall til å ta sitt misjonsansvar på alvor.

Jesus sa til sine disipler: «Meg er gitt all makt i himmel og på jord. Gå derfor ut og gjør alle folkeslag til mine disipler. «En levende menighet som realiserer misjonsoppdraget Mesteren gav oss.

Bjørgvin har rike misjonstradisjoner og mye misjonsarbeide er i gang. Det er vi glade for. Men det er viktig at misjonsdimensjonen arbeides fram som en naturlig og riktig del av det pulserende liv i menigheten vår – at hele menigheten føler det som sitt ansvar – ikke bare de få.

Ved avslutningen av Misjonens År vil vi derfor innby deg som ikke er engasjert i direkte misjonsarbeide, til å bli med. Bli med for misjonens skyld, men mest for din egen.

Det kan nevnes at fra menighetene i Arna er det blitt sendt inn til de nevnte prosjekter kr. 27.541. Takk til alle som har vært med og gitt.

Ragnhild Rein

ÅRSFEST

Ytre Arna Kyrkjelyd

Årsfesten for kyrkjelyden vert søndag 2. februar kl. 17.00 i Kyrkjelydshuset. Der vil ein få årsmelding og rekneskapoversyn frå soknerådet. Krinssekretær Ingvar Hageberg heldt andakt og kåserer om å vera prest i Nord-Norge. Kyrkjeringen vil ha trekning i utlodninga til inntekt for Kyrkjelydshuset. Ellers vil vi ha fleire programinnslag og vovnar å få ein hyggeleg ettermiddag saman.

Alle er velkomne.

Kyrkjetekstilane i Ytre Arna

Arbeidet med å fornya kyrkjetekstilane i Ytre Arna kyrkje er no avslutta, og vi har fått teppe på lese-pult og preikestol i fargane grønt, kvitt og fiolett, og messehakel i dei same fargane. På den måten vert dei ulike tidene i kyrkjeåret gjort tydeleg i kyrkja. Den fiolette messehakelen som kom sist, vart teken i bruk første søndag i advent. I samband med gudstenesta den dagen vart det og markert med ei takk til Turid Straume som har brodert alt saman, og Jenny Sverresvold og Astrid Bremerthun som har montert dei ulike tinga.

KORT SAGT

Lynintervju
med
Eli Mohn

Hvorfor går du i kirken?

— Fordi jeg vet at jeg hører hjemme der.

Det BETYR noe for deg?

— Det betyr noe for meg å tilhøre Den norske kirke.

Hvordan føler du fellesskapet?

— I gudstjenesten får jeg fellesskap med andre som kanskje er mye forskjellig fra meg, men vi har det felles at vi vender oss mot Gud for å ta i mot og for å gi noe tilbake.

Gudstjenesten er det «faste punktet» i kristenlivet mitt. For det kan variere med min aktivitet når det gjelder f.eks. bibellesning, bønn og ja, med min tro.

Men gudstjenesten stabiliserer det hele.

Hvor lenge har du gått regelmessig i kirken?

— Som gymnasiast var jeg så heldig å være med i et kristen ungdomsmiljø. Da lærte jeg at det ofte kunne gå an å kombinere kirkegang og søndagstur. Det å miste søndagsturen hadde vært den største hindringen.

Hva betyr mest i gudstenesten for deg.

— Til å begynne med var det prekenen jeg ville høre for den hjelper meg jo til å forstå evangeliet bedre. Etterhvert har liturgien og samlesangen og ikke minst nattverden betydd mer for meg.

I det hele tatt det å være i kirken gir meg en følelse av at «Gud er her til stede» ved Den Hellige Ånd.

Frå ein lesar har vi fått denne helsinga:

I 5. Mosebok 33. 3-4 står skrevet slik:

Ja, han har sitt folk kjært. Alle dine hellige de er i din hånd og de ligger for din fot, de mottar dine ord.

En lov bød Moses oss, en eiendom for Jakobs Menighet. Du med nåden, jeg med skammen, å hvor vi dog passer sammen. La slukkes alle lys på jord, da stenges alle veie. Den som har funne Korsets spor har evig nok i eie.

O.R.

Tema-helg i Indre Arna bedehus

Helga 17.-19. januar 1986 ønskjer vi velkommen til tema-helg i Indre Arna Bedehus.

Generalsekretær Ole Abel Sveen og Bibelskulestyrar Karl Johan Hallaråker vert talarar.

Møtene startar kvar kveld kl. 18 og 20.

Det vert kaffipause mellom første og andre tema-time.

Noter deg dag og tid for møtene.

Fredag:

Sveen: «Med Guds ord til folket»

Hallaråker: «Bibelens autoritet i dag».

Song av Ytre Arna Musikkor.

Laurdag:

Hallaråker: «Den kristne heimen».

Sveen: «Guds fulle rustning».

Song av Arna Ten Sing og Anne Hilde og Arve Reigstad.

Søndag:

Sveen: «Mitt bønneliv».

Hallaråker: «Den kristne forsamling i funksjon».

Song av ungdomskoret «Spiren» frå Sotra og Indre Arna Musikklag.

Haukeland Indremisjon,

Ytre og Indre Arna Indremisjon.

**DU ER HJARTELEG
VELKOMMEN!**

KYRKJEBASAR

Økonominemnda for nytt kyrkjelydshus i Arna har lagt seg i selen med eit stor-arrangement i februar.

Dei ulike delane i kyrkjelyden er trekt inn i arbeidet med å arrangera ein skikkeleg kyrkjebasar. Dette betyr at både Ten Sing'arar og kyrkjekorsfolk, unge som eldre, går saman om å ta eit skikkeleg kraft-tak for kyrkjelydshuset som skal byggjast.

— Kvar får de gevinstar frå, spør vi Erling Osland?

— Bedriftene i Arna er spurt om å bidra med gevinstar, dessutan oppmodar vi enkeltpersonar om å gje ein gevinst til basaren.

— Har de fått noko respons på dette?

— Ja, me har mottatt ein del fine gevinstar og ein del har me allerede fått tilsagn om. Men, skal det bli ein bra basar, treng me mange fleire gevinstar, store og små.

— Kvar kan ein venda seg om ein vil gje ein gevinst?

— Gevinstar kan leverast på kyrkjekontoret i Arna, eller ein kan ringja til kyrkjekontoret og melda frå, så vil vi koma rundt og henta desse fredag 31. januar.

I vekene fram til basaren vil det vera loddbøker i salg rundt om i Kyrkjelyden.

På basarkvelden vil desse verta trekte, men det skal skje mykje meir denne kvelden.

Det vert musikk av Garnes Skulekorps, sang av Arna Ten Sing og Arna Kyrkjekor. Dessutan vert det andakt og litt orientering om arbeidet med kyrkjelydshuset.

Vidare vert det ein liten kaffeteria der ein får kjøpa brus, kaffe og kaker.

Og selvfølgelig vert det lynlotteri der dei små er sikra «gevinst».

VEL MØTT I ARNA BEDEHUS ONSDAG 5. FEBRUAR KL: 18.00 TIL

KYRKJEBASAR

JULEMESSE

Ved julemessen på Unneland kom det inn kr. 5.489.- til nytt kyrkjelydshus i Arna.

Takk til alle som møtte fram og bidrog til dette fine resultatet.

Kyrkjeringen på Unneland.

NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



Døpte

Arna sokn:

01/12: Jarle Bøe.
25/12: Elisabeth Berg Fjelltveit.

Ytre Arna sokn:

01/12: Stian Arnetvedt.
08/12: Erik Vatile Rolland
08/12: Arne Vesetvik
08/12: Kine Bratli Dale



Vigde

Arna sokn:

30/11: Steinar Daltveit og Britt Nordpoll.
30/11: Johnny Lillefosse og Birte Nordbø.

† Døde

Arna sokn:

01/12: Ruth Johanne Bolstad f. 1941.
05/12: Hjalmar Nilsen f. 1909.
07/12: Hanna Torgilstveit f. 1902.
09/12: Malmfrid Mjåstad f. 1904.
14/12: Oskar Malvin Kleiven f. 1910.
14/12: Edith Johnsen f. 1917.
14/12: Reidun Dagny Juvik f. 1930.
21/12: Anna Perstøen f. 1900.

Ofringar i kyrkjelydane:

Arna sokn:

01.12: Kyrkjelydsarb. kr. 1471,-
01.12: Norges kr. u.forb. Bergen Krets kr. 1023,-
08.12: Dei fire diakoninst. . . kr. 1159,-
15.12: Kalfarkollektivet . . kr. 3527,-
22.12: Kyrkjelydshuset ... kr. 1272,-
22.12: Kyrkjelydshuset ... kr. 2322,-
24.12: Kirkens Nødhjelp . . kr. 13736,-

25.12: Det Norske Misjonsselskap kr. 6568,-
26.12: Den indre Sjømannsmisjon kr. 1034,-

Ytre Arna sokn:

01.12: Aksjon AFRIKA kr. 868,-
08.12: Kyrkjelydsarbeidet . kr. 1070,-
22.12: Kyrkjekonsert kr. 1143,-
24.12: Kirkens Nødhjelp ... kr. 6000
25.12: Det norske Misjonsselskap kr. 3710,-
29.12: Kalfarkollektivet kr. 617,-

Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

ARNA:

Arna sokneråd Bank: 8440.31.05006
Boks 11 Post: 5779798
5260 Indre Arna

Kyrkjelydshus i Arna Bank: 8440.21.04243
Vollavegen 45B Post: 3498995

YTRE ARNA:

Ytre Arna sokneråd Bank: 3633.30.02625
P. Jepsensv. 39 Post: 5935499
5265 Ytre Arna

Kyrkjelydshuset Bank: 3633.50.75093
P. Jepsensv. 39 Post: 5260 Indre Arna
5265 Ytre Arna

Om nokon vil gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

Presten har ordet



Øyvind Øy

Presten sitt nyttårsønskje!

Overgangen frå eit år til eit anna er ikkje så stor som vi stundom gjev uttrykk for ved eit årsskifte. Vi er komne eit stykke på veg i det nye året, og for dei fleste av oss er dagane i det nye året lik dagane i året som gjekk. Men det er godt for oss og sette oss mål som vi vil prøve å nå i arbeidet vårt og finne ut korleis vi vil gjere det for å nå målet.

Nyttårsønskjjet mitt knyter seg til eit mål som eg vil sette for arbeidet i kyrkjelyden. Eg trur det er nødvendig for oss å gje gudstenesta ein langt meir sentral plass i livet vårt, både vi som er tilsette og alle som høyrer til i kyrkjelyden.

For mange vil det føre til medveten prioritering av gudstenesta søndag føremiddag. Stadig fleire ser at det er heilt uansvarleg av kristne å sitte heime når kyrkjelyden samlast til gudsteneste. Ei fullsett kyrkje er eit sterkt vitnemål om at vi tar trua vår på alvor.

Men det betyr og at vi må arbeide med gudstenesta slik at det vert godt å vere der. Eg ynskjer at alle som kjem til kyrkje skal kjenne at dei er velkomne og at vi har omsorg for kvarandre. Vi er redde kvarandre når vi samlast. Vi treng å snakke saman og ikkje berre sitte å sjå folk i nakken.

Det står alltid nokon ved døra og ynskjer folk velkomne til kyrkje og

etter kvart ynskjer eg at vi på fleire måtar kan gjere gudstenesta meir open.

I haust var eg i ei kyrkje der dei tok ein liten pause i gudstenesta og folk kunne helse på dei som sat nærast. Sjølv om det var uvant, var det ei fin oppleving!

Ønskje mitt er at vi på vår måte, kan gjere det slik at mange går til gudsteneste med glede.

Øyvind Øy


Fellesmøte i Arna på Bibeldagen

Pinsemenigheten «Bethel» og «Salem» på Espeland og Misjonsforbundet på Arnatveit går saman med Den norske kyrkja i Arna og skipar til fellesmøte i Arna kyrkje med Bibeldagen søndag den 26. januar kl 19.00. Nærare kunngjering i avisene.



Herre, kven skulle vi gå til? Du har det evige livs ord,

og vi trur og veit at du er Den Heilige frå Gud



Arna Kyrkjelydsskule

Inviterer til Temakveldar
i vårsemesteret 1986

I. Tema: TRU OG LIVSSYN:

22. januar (onsdag): FRAMANDE RELIGIONAR - I NORGE
v/ innvandrarprest Stig Magne Heitmann.
20. februar (torsdag): HUMANETIKK OG KRISTENDOM
v/ lærar Harald Haugsvær
20. mars (torsdag): VÅRT FORHOLD TIL ANDRE KRISTNE
TRUSSAMFUNN
v/ sokneprest Øyvind Øy
16. april (onsdag): «MITT KRISTNE LIVSSYN»
innleiing v/ konsulent Ove Skjoldal

Stad: Kyrkjelydshuset i Ytre Arna

Tid: kl. 19.30 - 21.45.

Det vert innleiing om emnet, og så samtalar vi etterpå over ein kopp kaffi/te.

II. Tema: MISJON

2 tysdags-kveldar: 4. og 11. februar.

Program v/ vikarprest Helge Helgesen, som er oppvaksen på Madagaskar.

Stad: «Kyrkjestova» (kapellet) ved Arna kyrkje.


Tid: kl. 19.30 - 21.45.

Det er ikkje påmelding, og du er velkommen til å delta dei kveldane du ynskjer. Ta med nistepakke + 10 kr.! Invitér gjerne nokon med deg!

Helsing
styret for kyrkjelydsskulen

VIKARAR I PRESTEGJELDET

Vikar for kateketen



Som kjent skal kateket Målfrid Sandvik ha permisjon i tida 10.1.-10.6. 1986 for å ta eksamen i kristendom mellomfag. I denne tida vert Martha Trollsås Sæther vikar. Ho er busett i Åsane, og har utdanning i kristendom og kateketseminaret ved Menighetsfakultetet. Frå før har ho vore vikar i kateketstillingar andre stader.

Ho vil verta å treffa på kyrkjekontoret i Borgstova, og hennar telefon privat er 18 34 36. Vi ynskjer henne velkomen til tenesta med undervisningsoppgåvene i kyrkjelydane, og i første rekkje vert det konfirmantarbeid, kyrkjelydsskulen og kontakt med skulane, som vert hennar arbeidsfelt.



Vikar for res.kap.

I samband med at Harald Sundsbø har studiepermisjon i 3 mnd. frå 21.1.86, er det Helge Helgesen som vikarierer i stillinga.

Han skulle vera kjent frå tida som vikar i 1985. Han vil vera å treffa på prestekontoret i Ytre Arna i kontortidene og hans privattelefon er 18 67 52. Han er busett i Salhus.

Statistikk

I gjennomsnitt var 159 personar tilstades ved kvar gudsteneste i Arna Kyrkje i 1985 og 87 i Ytre Arna.

I kvar kyrkjelyd vert det ført statistikk over ei rekkje ting. Av statistikken for 1985 tek vi med:

	Arna	Ytre Arna
Talet på gudstenester	87	64
Frammøtte ved alle gudstenester	13877	5606
Døypte	78 (102)	31 (28)
Konfirmerte	175 (179)	35 (51)
Vigde i kyrkja	24 (36)	7 (5)
Gravferder	76 (44)	30 (26)
Utmeide or kyrkja	6 (12)	5 (7)
Innkome ved offer/kollekt	178.294 (169.655)	56.540 (53.439)

Talet for 1984 står i partentes. Av dei som har meldt seg ut av kyrkja har 3 i Arna meldt seg inn i eit anna kyrkjesamfunn.

I Trengereid kapell kom det inn kr. 10.577,- i offer dette året, medan talet for 1984 var kr. 8.475,-.

I Trengereid kapell har det vore 13 gudstenester, i Takvam kapell 4 og på Haukeland/Unneland 6 gudstenester.

MISJONÆRBREV FRÅ BANGLADESH



Menighetsbesøk

Frå tid til annan vert det arrangert «menighetseminar» i dei små menighetane våre her. Ein menighet består kanskje berre av 2-3 familiar. Dei lyt sjølv sørga for møte/gudsteneste til vanleg, men innimellom prøver me å laga fleire møte med besøk av evangelist/misjonær, slik at dei kan få meir åndelig mat og litt «niste». Dersom det er ein prest med, vert det også nattverd og eventuell dåp.

Førre helg var eg med på 2 slike seminar. Det første byrja torsdagskveld med 2 møte, og fortsette fredags morgon med først 2 møte og så gudsteneste med nattverd og dåp. Og i neste menighet laurdag til sundag. Forutan gudstenesta skulle det også vera helseundervisning, og det var mi oppgåve. Me var blant santalar, den stammen som vår misjon først starta opp mellom i India. Me har ikkje så mange santalar her hjå oss, mest andre stammefolk. Derfor var eg ikkje kjend med alle sermoniar hjå dei.

Vel framkomne kom det ei kvinne inn med ei krukke vatn og sette

den framfor oss, og bøygde seg til jorda for å helsa oss velkomne. Det betydde at me var tatt imot. Etter eit «lynkurs» av misjonæren som var med meg, prøvde eg så å helsa tilbake. Det er nemleg ikkje same helsing til unge og gamle, så eg laut vera klar i tanken og finna ut korleis det skulle vera frå person til person, for det kom fleire og helsa på oss.

Så til helseundervisninga. Eg hadde valgt som emne korleis dei skulle behandla diarré. Diarré er ei svært vanleg sjukdom her. Mange døyr av det også, fordi dei ikkje fyller på med væske ettersom kroppen tørkar ut. Eg rigga opp framme i «kyrkja», framfor det som skulle tena som alter like etterpå. Forklarte både med hjelp av plan-sjer og heimelaga hjelpemiddel (plastpose med vatn) korleis det ville gå om ein hadde diarré og ikkje fyllte på med væske.

Etterpå var det det reinte praktiske; sukker og saltoppløsning (eit billeg og effektivt middel mot diarré). Eg drog fram sukker og salt, blanda 1/2 liter vatn med ein neve sukker og ei klype salt. Så var det smaksprøven. Dei henta litt motvilleg koppene sine. Eg drakk fyrst sjølv for å visa at dette var godt, så gav eg dei. Men smaka var dei lite lystne på, dei gav det til borna. Eg ville dei skulle kjenna kor søt salt det skulle vera, så dei nippa såvidt i det, men helst minst mulig.

Hadde dei lært det? Forsto dei det? Ville dei gjera det når dei trengte det? Her laut meir praksis til. Så fekk leiaren for menigheten koma fram. Eg gav han vatnet, sukkeret og saltet, og bad han laga. Han gjekk i gang framfor heile menigheten sin. Alle fulgte nøye med. Etterpå sendte han rundt «smaksprøve». Då ville alle ha. Koppene vart retta fram, nå var det ein av deira eigne som hadde gjort det, og det var jo litt spennande å sjå om

over til side 13

smaken var den same som det misjonæren hadde laga.

Stemningen i kyrkja var stor, alle var interessert. Nå kom det også opp andre medisinske spørsmål og problem dei hadde, og me fekk gje fleire råd om korleis dei skulle behalda ei god helse. Ikkje minst nødvendigheten av å eta grønnsaker for å unngå blindheit (vitamin A-mangel). Nattblinde born fekk behandling der på staden, og råd for grønnsakdyrking vart gjeve.

Etter ei stund kunne me fortsetja med Gudstenesta. Me delte Guds ord — Ordet som gjev liv til åndelig døde og sjuke menneske, og hadde dåp og nattverd. Kyrkjehelg var det, med omsorg for både lekam og sjel.

Jesus seier: «Eg er livsens brød, den som kjem til meg skal ikkje svelta. Og den som trur på meg skal ikkje tørsta.»

Joh. 6,35.

Med helsing til alle i Arna, og særleg til konfirmantkullet i Ytre Arna 1984/85 som samla inn penger til arbeidet her i Bangladesh.

Takk for støtte og hjelp.

**Dykkar utsendingar
Kirsten og Ottar Hope**

«MI KYRKJEBOK» til 4-åringar i Arna kyrkjelyd

Arna kyrkjelyd prøver no å få kontakt med dei borna som vart døypte i 1982.

Mange til gudstenestene i julehelga




Oppslutninga om gudstenestene i julehelga ser ikkje ut til å minka. Det har denne gongen vore fleire til kyrkje enn tidlegare år. Julafta var det 6 gudstenester i prestegjeldet, med 3 i Arna kyrkje, 2 i Ytre Arna og ei på Trengereid. Oppslutnaden var god, fullsette kyrkjer kvar gong slik at nesten 2000 var til kyrkje denne dagen. I Arna kyrkje var det vel 1300 og i Ytre Arna 500.

Også dei andre dagane i jula var det bra frammøte, sjølv om det ikkje kan måla seg med julafta. Det viser og offera som kom inn: Julafta vart det gjeve kr. 19.736.- til Kirkens Nødhjelp og juledag kr. 10.278.- til Det Norske Misjonsselskap.

Vi sender ut brev med invitasjon til familiegudstenesta søndag 26. januar. Dei 4-åringane som har flytta til Arna, og som vi difor ikkje når med brev, skal sjølvstøtt også få boka! De er alle hjarteleg velkomne til Arna Kyrkje søndag 26. januar kl. 11.00. Etter gudstenesta vert det ei kort samling, «kyrkjekaffi/saft». Her inviterer vi spesielt 4-åringane og familiane deira.

Kateketen

Bokmerke til Bibelen



Materiale:

Restegarn i forskjellige sjatteringer
filt (eller kartong)
lim og saks

Tvinn, flett eller fingerhekle en snor.
Lengden avpasses etter størrelse på
Bibelen. Velg et motiv og klipp to li-
ke. Klistre på hver side av snoren.
Lag knuter oppe og nede på den, så
det blir små dusker i hver ende.

(Fra Julie Eckhoffs bok: Vi former.
- Høytidene i hjem, menighet og
skole. IKO forlag)

Sokneråda

Ytre Arna Sokneråd har konsti-
tuert seg og resultat vart:
Nils Kåre Olsen, formann
Eli Mohn, nestform.
Sollaug Damminger, sekretær
Kåre Revheim held fram som kas-
serar etter at han har gått ut av
soknerådet.

Arna sokneråd:

Leif Grøtøide, formann
Anne Karin Hageberg, nestformann
Kjartan Hollekve, sekretær
Turid Vie, kasserar



KIRKENS SOS

SENTER FOR
SAMTALE

Åpent kl. 19.00 til 07.00



HJELLE'S
bakeri og konditori

ESPELAND
Telefon 24 01 30

SEIMSMARK - telefon 24 05 71
MANNVERK - telefon 28 07 34
YTRE ARNA - telefon 24 06 30

TIL HVERDAG OG FEST
HJELLE'S HJEMMEBAKST SMAKER BEST

BLOMSTER

til enhver anledning!
Ring vår blomstertlf.

24 25 95

ÅPNINGSTIDER

Mand. til onsd. 9.00-17.00
Torsd. og fred. 9.00-19.00
Lørdag 9.00-14.00

a.s. Sarepta

5260 Indre Arna

I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, kon-
firmasjon og barnedåp.

Keiveland

5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm.Fossagt. 11, tlf. 32 55 50
Alltid til tjeneste

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi

Banken i Arna frå 1866

SPAREBANKEN

VEST
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

Skal det vera TV — Elektrisk —
Belysning. Hugs at vi har lavaste
pris, og det De kjøper her kan De
få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 81 88
Arnatveit — telefon 24 19 70
Vi er tilsluttet landets største
kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP



VESTLANDSBANKEN


Banken i Arna — for Arna-
folk, der alle kundar, store
som små, er hjarteleg
velkomne.

VESTLANDSBANKEN,
avd. Arna

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser
ordnes. Transport med egen
bil. Annonser, sanger, sløy-
fer. Monumenter besørages
oppsett.



Aut. bilverksted
Aut. dekk-
forhandler

**GODE TILBUD
PÅ DEKK OG
REKVISITA!**

**GOD SERVICE —
RIMELIGE PRISER —
HYGGELIG MILJØ!**

**Velkommen til vår
bensinstasjon!**

Arnatveit Auto Senter
J.B. Myklestad
5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40



Velkommen til kyrkje

- 19/01 Arna kl. 11.00. Ordinasjonsgudsteneste ved biskop Thor With. Fest i Betania, Lone etter gudstenesta. Søndagsskule.
- 26/01 Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste ved vikarprest Helge Helgesen. Takkoffer til Bibelselskapet. Utdeling av «Mi kyrkjebok».
- 02/02 Ytre Arna kl. 11.00. Pastor Finn Jarle Sæle. Takkoffer til Bibelselskapet.
- Arna kl. 11.00. Vikarprest Helge Helgesen. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Misjonssambandets krinsungdomskor. Søndagsskule.
- Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste ved Helge Helgesen.
- Ytre Arna kl. 11.00. Akademilektor Arve Brunvoll. Nattverd. Takkoffer til IKO
- 09/02 Arna kl. 11.00. ved sokneprest Øy. Takkoffer til Bibelskulen på Bildøy. Søndagsskule.
- Ytre Arna kl. 11.00.
- 16/02 Arna kl. 11.00. Vikarprest Helge Helgesen. Nattverd. Kyrkjekoret. Takkoffer til kyrkjelydshuset. Søndagsskule.
- Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Nattverd. Takkoffer til Ungdomsforbundet. KYRKJEKAFFI.
- Ytre Arna kl. 19.00. Ungdomsgudsteneste ved Vikarprest Helge Helgesen.
- 23/02 Arna kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Øyvind Øy. Takkoffer til IKO.
- Trengereid kl. 11.00: Vikarprest Helge Helgesen.

SØNDAG ER KYRKJEDAG

ARNA PRESTEGJELD

Kyrjekontoret Indre Arna, Borgstova: Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.

Kontortid: Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Kyrjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P. Jepsensv. 39: Tlf. 24 85 46.

Kontortid: tysdag kl. 17.00 - 18.00.

onsdag og fredag 10.00 - 11.30.

Kyrkjegardane i Arna. Tlf. 24 05 69. Kontortid: Månd. - fredag 10 - 11.

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.

Redaksjonsnemnd: Sylvi Sæle, Bjørg Risøy, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Kåre Kvalvåg.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy.

Bladpengar: kr. 30.-.

Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

Frist for innlevering av stoff: 29.01.